

Kulturskulen i Voss herad frå 2020

Vedtekter for Voss kulturskule

§ 1 FORANKRING

Opplæringslova § 13-6 seier om kulturskuletilbodet:

Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.

Voss kulturskule skal drivast i samsvar med lov og forskrifter og byggje på «Rammeplan for kulturskulen», og lokalt utarbeidde fagplanar.

§ 2 MÅLSETJING

Kulturskulen skal:

- gje barn og unge undervisning innanfor fleire estetiske uttrykksformer, t.d. instrumental/vokal (musikk), bilete, teater/drama, dans/ballett.
- utvikla den einskilde eleven sine kunstnarlege og skapande evner og motivasjon.
- fremja personleg vekst, og syna korleis estetiske uttrykksformer kan formidla integrering, mangfald, trivnad og samkjensle.
- gje eit godt grunnlag for ei eventuell yrkesutdanning innan estetiske uttrykksformer.
- fremja eit godt og rikt oppvekst,- kunst- og kulturmiljø i kommunen.
- styrka og utvikle lokale musikk- og kulturtradisjonar.
- *Gje tilbakemeldingar på eigen utvikling og egne resultat gjennom utviklingssamtaler (Rammeplanen for kulturskolen 2016).*

Kulturskulen skal leggja stor vekt på samarbeid med:

- andre offentlege undervisningstenester (grunnskule, barnehage, vidaregåande skule, vaksenopplæring).
- det frivillige musikk/kulturliv i bygda.
- nabokommunar og fylkeskommunen (distriktsmusikarordninga m.v.)

Elevgruppa 4 – 19 år skal prioriterast. Yngre og eldre kan få plass etter særleg vurdering.

Formidling som konsertar, utstillingar og liknande er ein viktig del av det pedagogiske opplegget. Kulturskulen kan delta i eller vera arrangør for andre kulturarrangement.

§ 3 ORGANISASJON OG STYRING

Voss heradsstyre vedtek retningslinjer for innhald og opplegg, og serviceerklæring for kulturskulen. Heradsstyret kan delegera dette mynde til anna politisk utval.

Rådmannen har overordna ansvaret for drift av kulturskulen. Mynde kan vidaredelegerast.

Undervisninga blir primært gitt ved Voss kulturhus. Noko undervisning blir også gitt ved Granvin barne- og ungdomsskule.

Undervisninga i kulturskulen fylgjer skuleruta for grunnskulen i kommunen.

§ 4 OPPTAK/SØKNAD/OPPSEIING AV Plass

Skulen har hovudopptak av elevar ein gong i året med søknadsfrist 25. mai. Det er bindande påmelding for eit skuleår. Elevane må søkje på nytt for kvart skuleår. Dersom ein elev ynskjer slutta midt i semesteret, skal det likevel betalast elevpengar for heile semesteret.

Oppseiing av elevplass skal skje skriftleg via e-post til kulturskulerektor.

Søklarar som har stått lengst på venteliste vert tekne opp ved første ledige plass.

§ 5 FORELDREBETALING

Betaling gjeld dei satsar som til ei kvar tid er fastsett av heradsstyret. Tenesta vert fakturert etterskotsvis to gonger i året.

§ 6 TEIEPLIKT

Dei tilsette i kulturskulen, administrasjonen, og *politisk hovudutval* har teieplikt vedkomande alle personopplysningar dei i kraft av stillinga/omboda vert kjent med, etter forvaltningslova § 13 med utfyllande føresegner.

§ 7 ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

Endringar av vedtektene skal avgjerast av heradsstyret.